

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020**

**Noralv Distad (H)** reiste spørsmål kring eiga habilitet då han er styremedlem i Fjord Norge AS.  
Fylkestinget vedtok samrøystes at Distad var uigild til å ta del i saksbehandlinga, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Distad deltok ikkje i saksbehandlinga.

**Jeanette Syversen (R)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3:

Vestland fylkeskommune skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune med mål om å få ein lik fordeling dei tre fylka imellom innafor ramma på 12 millionar i tilskota til Fjord Norge AS før avtala blir signert.»

### **Avrøysting**

Det var 64 medlemer til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Syversen sitt forslag fekk 5 røyster (R og UA) og fall.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune godkjenner framlegg til ny avtale med Fjord Norge AS.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtala.